



---

## Notat

---

Til

Kopi til

Vår ref. 23/8182-37

Sakshandsamar Kjersti Nordanger

Dato 06.10.2025

---

## Svar på spørsmål i Utval for levekår

24.08.25

Kvar finn eg

heradet sin smittevernplan, CBRNE plan, helseberedskapsplan og plan for legetenesta?

1. Smittevernplan: [Smittevernplan Voss herad - Compilo](#)

- Denne må verta sett i samanheng med infeksjonskontrollprogrammet: [Infeksjonskontrollprogram \(IKP\) - Compilo](#)

2. Helse- og sosial beredskapsplan: [Helse- og sosial beredskapsplan - Compilo](#)

Denne planen ligg tilgjengeleg for dei tilsette som skal ha tilgang til den.

3. Plan for legetenesta 2019-2025. Dette har vore ein intern plan som beskriv arbeidsoppgåvene til legetenesta. Denne vil verta revidert i løpet av vinteren og då lagt ut i compilo

**4. Vår helse- og sosial beredskapsplan danner grunnlaget for korleis me handterer alle større hendingar som set beredskapen vår på prøve. Spesifikt om ei CBRNE-hending (CBRNE = Kjemiske, biologiske, radioaktive, kjernefysiske og eksplosive truslar). På Voss er det spesialisthelsetenesta som sit i førarsetet, og Voss herad har derfor ikkje en egen CBRNE-plan. Derimot inngår eit slikt scenario i den samtreninga me har mellom sjukehuset, dei prehospitale tenestene og legevakta. Silje Todnem stod i spissen for det første heildagsseminaret me i fellesskap hadde den 23.1.2024. Brannvern og legevakt har prosedyrar for slike hendingar.**

Kva skular og barnehagar er helsevern godkjente, og kva tid var det sist gjort tilsyn og godkjenning?

**Voss herad har ikkje oppdatert liste på dette pr dags dato. Me jobbar for å få på plass ein miljøingeniør i heradet. Dette har me jobba med i fleire år og det har ikkje vore enkelt å lukkast trass i mange forsøk.**

04.09.25:

I protokollen frå møtet synes eg det bør stå at eg påpeika at det var svært stor diskrepans mellom oppgjevne utgifter på Voss legekantor i sakspapira som vart presentert for oss politikarar og det som vart presentert i presentasjonen i møtet.

**Bakgrunnen for skilnaden mellom tala i sakspapira og presentasjonen er at talmateriale har blitt oppdatert. I det fyrste utkastet til sakspapira mangla det tal frå nokre avdelingar. Desse vart henta inn og lagt til før møtet, og presentasjonen inneheld difor eit meir fullstendig og nøyaktig grunnlag. Tala i presentasjonen er oppdatert og inkluderer alle avdelingar, noko som gjer dei meir presise i samband med førespurnaden frå levekår.**

I tillegg hadde eg eit spørsmål som kommunalsjef Nordanger ikkje kunne svare på vedr sak 49/25 Strategi for helse- og omsorg 2025 - 2035. Har kommuneoverlege Hauge delteke i arbeidet med denne strategien, og isåfall på kva måte?

Dette vil eg tru fleire medlemmer enn meg er interessert i å høyre svaret på.

#### **Svar på spørsmål frå 04.09.25**

**Kommuneoverlegen har delteke i arbeidet med strategien for helse-omsorg og deltek i alt overordna kommunalt arbeid som er relevant for stillinga.**

Eg har også eit spørsmål som var litt uklart for meg både i sakspapira og i møtet, det står under punkt 3d. i sakspapira vedr Utviklinga ved kommunalt legekantor dei siste 5 år;

*d. Unntaksvis kan det vere naudsynt med ein stedfortredar til å ivareta kommuneoverlegefunksjonen i heradet. Dette har vore aktuelt ved utanlandsopphald i andre tidssoner. Dette er løyst med interne ressursar. Det kan verte nemnd at leiar for Hardanger og Voss legevaktdistrikt også er spesialist i samfunnsmedisin.*

Har eg forstått det riktig at leiar for Hardanger og Voss legevaktdistrikt er stedfortredar for kommuneoverlegen i unntakstilstandar der E. Hauge ikkje er tilgjengeleg?

**Det er ikkje vanleg praksis at denne personen er stedfortredar. Det er opplyst for at om det skulle vere naudsynt så kan denne personen bistå heradet om vår eigen kommuneoverlege ikkje kan ivareta oppgåvene. Det ville vore aktuelt om kommuneoverlegen oppheld seg på ferie i anna tidssone enn vår. Me har ein gang nytta ekstern stedfortredar i eit slikt høve.**

Spørsmål 13.10

#### Bemanning og tenestekvalitet:

Korleis har endringar i bemanning og organisering dei siste tertiala påverka tilgjenge og kontinuitet i tenestene innan psykisk helse og rus?

Det er gjort lite endring i ambulante tenester siste året. Men bemanningsendring i bemanna bustad er endra , nokon som gjer at ambulante tenester må bistå bustader for å ivareta brukarane sine behov. Ein er i gang med å laga ein plan for strukturendringa i POR som me meiner vil auka fleksibiliteten til tilsette og styrka tilbodet til brukarane. Ein tek og i bruk digitale varslingssystem for å trygga brukar. Det er gjort ROS analysar i samband med at ein vurderer strukturendring og anna arbeidsfordeling i POR

#### Kveld- og helgearbeid:

Har det vore endringar i tilbodet på kveldstid og i helger innan psykisk helse og rus, og i så fall korleis har kommunen vurdert konsekvensane for brukarane?

Ikkje endring i tilbodet på kveld og helg. Kontakttelefonen er tilgjengeleg frå 8-21 alle dagar

#### Inntak og kapasitet:

Korleis vurderer kommunen situasjonen når det gjeld ventetid og inntak av nye brukarar i psykisk helse og rus – og korleis sikrar ein at ingen blir ståande utan tilbod i periodar med kapasitetsutfordringar?

Det er kort ventetid for å få vurdert ein søknad/eit behov. Kontakttelefonen kan nyttast og andre lågterskeltilbod vert tilbydd. 75 søknadar er komme inn og behandla I 2025, dette er frå både eksisterande brukarar og nye brukarar.

#### Forsvarleg drift:

Kva vurderingar ligg til grunn for å sikre at tenestene innan psykisk helse og rus framleis blir drivne på ein fagleg forsvarleg måte, sett i lys av økonomiske tilpassingar og redusert bemanning?

Ros analysar gir oss peikepinnar på kvar det er utfordringar/ avvik, det same gjer avvikssystemet. Det vert jobba I eit større prosjekt som heiter saman for gode arbeidsdagar, dette handlar om partssamarbeidet , arbeidsmiljø og kvalitet. AMG gruppa er sentral i dette arbeidet.

#### Økonomiske konsekvensar:

Korleis har kommunen vurdert den økonomiske samanhengen mellom innsparingar i psykisk helse og rus og eventuelle auka utgifter i andre tenester (t.d. NAV eller somatiske tenester)?

Det er alltid vanskeleg å talfesta slike samanhengar . Det me veit er at det vert samarbeida meir med heimetenesta rundt enkelte brukarar.